
Frå: Pål <paal@arkbc.no>

Send: fredag 17. mars 2023 10:20

Til: Larissa Dahl <larissa.dahl@alver.kommune.no>; Are Frøysland Grande <are.froysland.grande@alver.kommune.no>

Emne: Vedr. sak: 21/10604 - Dispensasjon og rammeløyve til oppføring av tilbygg og parkeringsplassar - gbnr. 176/28 - Spurkeland

Vekt: Høg

Hei!

Viser til gitt rammeløyve for tiltak nevnt ovanfor. Tiltakshavar NGIR har no kontrahert ein totalentreprenør for gjennomføringen av tiltaket. Den formelle prosessen rundt dette har tatt tid, og ein ligg no 2 veker bak skjema i høve til kontraktfesta framdriftsplan for tiltaket. Entreprenør (og tiltakshavar) ynskjer derfor å komme raskast mogleg i gang med tiltaket.

Arkitekt er framleis ansvarleg søkar, og vi har blitt utfordra på å få send inn fyrste del av igangsettingssøknaden («IG-1») ila. dagen i dag. Denne fyrste søknaden om igangsetting vil omfatte tilrettelegging av eksisterande byggegrop for fundament og røyr i grunn, samt påfølgjande betongarbeid. Dette slik at ein kjem raskast mogleg i gang med arbeidet. Deretter vil vi utvide og supplere gjennomføringsplanen med naudsynte fag og aktørar fram mot neste søknad om igangsetting – «IG-2».

Utfordringen vår har vist seg å få på plass etterspurt dokumentasjon i samband med utførte og ferdigstilte sikringstiltak i samband med Cowi sin rapport frå des. 2021 (sjå side 2 i gitt rammeløyve). Vi har hatt dialog både med Cowi og med utførande firma for sikringstiltaket, WIMO Fjellsikring AS. WIMO har utført sikringa basert på anbefalingane/retningslinene gitt i Cowi sin rapport, og vi har lagt opp til at Cowi leverer ansvarserklæring for prosjektering (PRO) av fjellsikring, medan WIMO står ansvarleg for utføringa (UTF). Vi har fått naudsynte dokument/erklæringar frå WIMO, men erklæringa frå Cowi har vist seg å ta meir tid å framskaffe. Dette bl.a. grunna at personen som laga rapporten hjå Cowi, har permisjon frå jobben. Vi har difor brukt mykje tid for å setje ny oppdragsansvarleg inn i saka, og vi opplever at det å signere på ei erklæring tek tid i ein så stor organisasjon som Cowi er.

Lang historie kort, så er spørsmålet mitt om vi kan få flytte kravet i rammeløyvet vedr. ansvarsrett for prosjektering av sikringstiltaket, til neste søknad om igangsetting (IG-2)? Det er ikkje lenge til vi sender neste søknad, men vi skulle veldig gjerne ha kome i gang med innleiande arbeid på tomta snarast råd. Vi har lagt inn erklæringane frå utførande foretak (WIMO) i gjennomføringsplanen, og vil sjølvstøtt også legge ved både Cowi sin rapport og sikringsrapporten som vart utarbeidd i samband med gjennomføringa av tiltaket. Eg har lagt rapportane ved denne henvendinga også, slik at de kan sjå at arbeidet er utført.

Neste spørsmål er knytta til vilkår gitt i rammeløyve frå Miljø -og tilsyn i brev av 17.02.2022 (sak 22/414). Dette gjeld dokumentasjon på at eksisterande avlaupsanlegg har tilstrekkeleg kapasitet til å stetta auke i bruk i samband med nytt tilbygg. Dette meinte vi var svart greit ut i samband med søknad om rammeløyve, der Alpha Consult gjorde greie for kapasiteten (sjå vedlagt notat). Vi oppfatter vilkår i rammeløyve frå Miljø -og tilsyn (sak 22/414), at dei ber om same vurdering men at dette er framstilt på ein annan måte med m.a. PE-verdiar i staden for liter pr. sekund. Etter vår mening så medfører ikkje dette noko endring på sjølve vurderinga – heller ein annan måte å framstilla dette på. Igjen har vi problemer med å få på plass naudsynt dokumentasjon i tide for innsending av IG-1 (helst i dag). Dette fordi rådgivar Alpha Consult AS ikkje vart kontrahert til totalentreprisen før på onsdag i denne veka. Vi

rekk alstå ikkje å få på plass etterspurt dokumentasjon tidsnok til å rekke å legge dette ved søknad om igangsetningsløyve i denne omgang. Vi understrekar at dette handlar om tidsnaud – ikkje «unnasluntring».

Vil kommunen kunne handsama søknaden vår utan desse vedlegga, og at vi istaden sender etterspurt dokumentasjon inn ved neste IG-søknad? Eg hadde ikkje spurt om dette dersom vi skulle søke alle fagområde i ein og same IG.

Set stor pris på ei rask tilbakemelding, og beklagar stresset dette evt. medfører!!!

Vennlig hilsen

ARKITEKTKONTORET
BØRTVEIT & CARLSEN AS



Hagellia 6
5914 Isdalstø

Pål-Jøran Carlsen
Tlf: 400 41 614
Epost: paal@arkbc.no